

ORGANISASJONSPLAN -

ADMINISTRATIV STRUKTUR

Justert pr 01.08.18

INNLEIING

Hjartdal kommune må, som andre norske kommunar, utvikle sin organisasjon i takt med dei krav og oppgåver kommunen er stilt overfor. Tidlegare var norske kommunar i stor grad organisert på lik måte - med etatar på administrativ side - og tilhøyrande politiske utval på politisk side. Gjennom endringar i kommunelova er det opna for ei friare organisering av norske kommunar. Det er i dag stor skilnad mellom norske kommunar sin måte å organisere seg på.

Den kommunale organisasjonen må vere i kontinuerleg endring, der vi heile tida må vurdere korleis oppgåver og tenester er organisert i høve til dei krav og utfordringar vi står ovafor. I utgangspunktet skal verksemda organiserast ut frå korleis oppgåvene kan løysast på ein optimal måte. I ein liten organisasjon er det likevel ikkje til å unngå at ein ved organiseringa må ta omsyn til den tilgangen kommunen har på kompetanse og andre menneskelege ressursar.

Den administrative organiseringa av kommunen er eit verkemiddel for å nå dei overordna måla som kommunen sett seg.

For å oppfylle måla er rådmannen avhengig av å byggje opp ein organisasjon som til ei kvar tid kan møte dei krava kommunen står overfor. Hjartdal kommune opplever eit auka økonomisk press, auka krav til tenestekvalitet og effektiv forvaltning. I tillegg til dette er det venta ei sterkare kamp om arbeidskrafta i framtida.

Mål

Effektmål

Eit effektmål er det organisasjonen på lang sikt oppnår. Det er eit mål at effekten av den administrative organiseringa skal vere:

- Ein meir effektiv organisasjon
- Meir fokus på leiing
- Meir heilskapstenking
- Berekraftig arbeidssituasjon
- Betre tenestekvalitet
- Nøgde brukarar og tilsette

Toppleiing

Rådmannen er kommunen sin øvste administrative leiar. Stillinga som rådmann er heimla i kommunelova § 23 (der den er omtala som administrasjonssjef). Rådmannen skal mellom anna drifte kommunen innafor dei rammer kommunestyret har vedteke, sørge for at saker er godt nok utgreidd, at vedtak blir sett i verk, sørge for at administrasjonen blir drive i samsvar med lovverket og at dei kommunale tenestene er gjenstand for god nok kontroll.

Rådmannen er ansvarleg for den kommunale drifta overfor kommunestyret som øvste kommunale organ.

Rådmannen har etablert eit team rundt seg (rådmannsteamet) består av rådmann, kommunalsjef, organisasjonssjef og økonomisjef.

Rådmannen er næraste overordna til kommunalsjef, organisasjonssjef, økonomisjef og rådgjevar i rådmannen sin stab. Rådmannen har eit særleg ansvar for saksutgreiing, kommunale planar og samfunnsutvikling. Rolla som skule- og barnehageeigar går i linja frå kommunestyre via rådmann/kommunalsjef til rektor og styrar.

Kommunalsjefen er rådmannen sin stadfortreder. Kommunalsjefen er leiar (personalansvar) for alle einingsleiarar (med unntak for samfunnsutviklingsavdelinga), og har eit særleg ansvar for tenesteutvikling (kvalitetsutvikling, avvikshandtering, internkontroll og brukarundersøkingar).

Organisasjonssjefen og økonomisjefen inngår i rådmannsteamet, men er omtalt under stab/støtte nedafor.

Stab/støtte

Stab/støtte er fellestenester som skal hjelpe både toppleiinga og einingsleiarane med spisskompetanse som kvar enkelt leiar ikkje kan forventas å ha. Stab/støtte skal likevel ikkje overta linjeleiinga (rådmann og einingsleiar) sitt formelle ansvar for fag, personale og økonomi.

Organisasjonssjefen har eit særleg ansvar for å hjelpe linjeleiinga med personalsaker og gi råd til toppleiinga knytt til strategisk personalforvaltning og organisasjonsutvikling. I tillegg er organisasjonssjefen m.a informasjonsansvarleg, leiar for servicekontoret, leiar for løn, ansvarleg for medarbeidarundersøkingar og redaktør for heimesida.

Økonomisjefen har eit særleg ansvar for å hjelpe linjeleiinga med budsjettering og økonomistyring. I tillegg har økonomisjefen rolla som leiar av økonomiavdelinga. Økonomisjefen har ansvar for kommunen sin IKT-strategi.

Rådgjevar i rådmannen sin stab har ansvar for sakshandsaming for rådmannen, har rolla som beredskapskoordinator, samt oppgåver knytt til ulike prosjekt på overordna nivå som ikkje høyrar inn

under andre ansvarsområde. Rådgjevaren er kommunen sin kulturansvarlege og er nærmaste overordna til bibliotekar og ungdomsklubbeiar.

I medhald til opplæringslova skal kommunen ha skulefagleg kompetanse i administrasjonen på nivået over skulane. Den skulefaglege kompetansen ligg p.t. til rådgjevar i rådmannen sin stab. Den stillinga som innehar skulefagleg kompetanse har eit særleg ansvar for å gi råd til rådmannen i skulefaglege spørsmål, samt koordinere og legge til rette for skulefagleg utvikling ute i organisasjonen.

Økonomiavdelinga har ansvar for kommunal fakturering og rekneskap.

Servicekontoret er kommunen sin førstelineteneste og skal handsame dei fleste førespurnadane frå publikum. Servicekontoret har òg rolla som sentralbord, felles post-/arkivteneste og politisk sekretariat.

Einingar

På nivået under rådmannen består Hjartdal kommune av 10 einingar.

Kvar eining blir leia av ein einingsleiar som har ansvar for fag, økonomi og personale i eininga.

Desse einingane er:

Sauland skule
Sauland barnehage
Hjartdal oppvekstsenter
Tuddal oppvekstsenter
Hjartdal kulturskule
Omsorg (a)
Helsekontoret (b)
NAV
Flyktningenesta
Samfunnsutvikling (c)

(a) Omsorg består av følgjande tenester: Heimesjukepleietenesta, praktisk bistand, kjøkken, sjukeheimen, avdeling for funksjonshemma og Hågåan bufellesskap. I tillegg ligg òg logistikkontoret under eining omsorg. Logistikkontoret har m.a.ansvar for turnusplanlegging og tilkalling av vikarar innfor helse- og omsorg. Merkantile oppgåver for helse- og omsorg er òg lagt til logistikkontoret.

(b) Helsekontoret består av følgjande tenester: legeteneste, legevakt, helsestasjon, fysioterapi og psykisk helse.

(c) Samfunnsutviklingsavdelinga består av følgjande fagområde: plan- og byggesak, kart/oppmåling, eigedomsskatt, landbruk, næring, busetting, folkehelse og samfunnsmedisin, samt drift/utbygging inkl reinhald/vaskeri.

Organisasjonskart

